

Møteinnkalling

Utvalg: **Nasjonalparkstyret for Reinheimen**
Møtested: Teams, Elektronisk
Dato: 23.11.2020
Tidspunkt: 09:00 – 14:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til 468 97 683. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Lunsj 11:30 – 12:30

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 43/2020	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 44/2020	Referatsaker		
	Reinheimen NP - Romsdalen LVO - uttak av stein til kommersielt bruk - 2020 - 2021 - Magnhild Vik		2020/12408
	Trollstigen LVO - ulovlig oppsatt jaktbu i Steindalen	X	2020/8174
	Lesja - reguleringsplan - Bjorli - 34320158		2020/10811
	Reinheimen nasjonalpark - Informasjonspunkt Slettvikane		2020/10986
DS 51/2020	Delegerte saker		
DS 52/2020	Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2020 - Bruk av drone for søk etter sakna sau i Finndalområdet - Rune Nesset		2020/11073
DS 53/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - drone rundt Skarfjellenden - Telia		2019/10346
DS 54/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - barmark - transport fra Tungebrua til Storlistua - Paul Harald Brudeli		2020/7377
DS 55/2020	Trollstigen lvo - dispensasjon - enkle dugnadstiltak på Kløvstien - 2020 - Rauma kommune		2019/12636
DS 56/2020	Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel snødekt mark- 2020 -2025 - transport til egen hytte Reinsminne - Kjetil Alnes		2020/11656
DS 57/2020	Tafjord-Reindalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - barmark - nedgraving av strømlledning på Reindalssetra - Tafjord Kraftproduksjon AS		2019/3734
DS 58/2020	Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - snødekt mark - transport fra Tungebrua til Storlistua - Paul Harald Brudeli		2020/7378
DS 59/2020	Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - barmark - kartlegging av elvebotn - E136 Flatmark - Marstein - Statens vegvesen		2020/10973

ST 45/2020	Finndalen landskapsvernområde - Flomførebyggjande tiltak i Rååkælva og Finna - Setereigarane på Vangen og Finndalsvegen	2020/6597
ST 46/2020	Finndalen Ivo - Dispensasjon - oppsetting av vindmølle og flaggstang - Sterringen 159/1 fnr. 84 - Mona og Arild Fallingen	2020/12486
ST 47/2020	Ottadalen LVO - dispensasjon - oppføring av utedo ved Sveinbua - Skjåk almenning	2020/11566
ST 48/2020	Romsdalen LVO - fasadeendring - bytte hyttetak ved Horgheimsetra - 2020-2021 - Reinhold Ziegler	2020/12497
ST 49/2020	Romsdalen Ivo - dispensasjon - motorferdsel og nedgraving av vanninntakskum - Fremre Brøste - 2020 - Kjell Viggo Kågen	2020/11444
ST 50/2020	Reinheimen NP - dispensasjon - utedo - 2020 - Jervebua og ved Slettflybotn - Grytten fjellstyre	2020/10909
ST 51/2020	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Tiltaksmidler - Bestillingsdialog - Driftsmidler – 2021	2020/12175
ST 52/2020	Eventuelt	

ST 43/2020 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

ST 44/2020 Referatsaker

Reinheimen NP - Romsdalen LVO - uttak av stein til kommersielt bruk - 2020 - 2021 - Magnhild Vik

Trollstigen LVO - ulovlig oppsatt jaktbu i Steindalen

Lesja - reguleringsplan - Bjorli - 34320158

Reinheimen nasjonalpark - Informasjonspunkt Slettvikane

DS 51/2020 Delegerte saker /

DS 52/2020 Reinheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2020 - Bruk av drone for søk etter sakna sau i Finndalområdet - Rune Nesset 2020/11073

DS 53/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - drone rundt Skarfjellenden - Telia 2019/10346

DS 54/2020 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - barmark - transport fra Tungebrua til Storlistua - Paul Harald Brudeli 2020/7377

DS 55/2020 Trollstigen Ivo - dispensasjon - enkle dugnadstiltak på Kløvstien - 2020 - Rauma kommune 2019/12636

DS 56/2020 Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel snødekt mark- 2020 -2025 - transport til egen hytte Reinsminne - Kjetil Alnes 2020/11656

DS 57/2020 Tafjord-Reindalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - barmark - nedgraving av strømledning på Reindalssetra - Tafjord Kraftproduksjon AS 2019/3734

DS 58/2020 Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - snødekt mark - transport fra Tungebrua til Storlistua - Paul Harald Brudeli 2020/7378

DS 59/2020 Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - barmark - kartlegging av elvebotn - E136 Flatmark - Marstein - Statens vegvesen 2020/10973



Arkivsaksnummer: 2020/6597-9

Saksbehandlar: Kristine Sørle

Dato: 11.09.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	45/2020	23.11.2020

Finndalen landskapsvernområde - Flomførebyggjande tiltak i Råkåelva og Finna - Setereigarane på Vangen og Finndalsvegen

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får setereigarane på Vangen, Finndalen beite- og bruksrettslag og Finndalsvegen dispensasjon til følgjande tiltak:

1. Erosjonssikring av elvekanten i yttersving oppstrøms Sterringen bru, og bygging av buner (større stein lagt ut enkeltvis eller i grupper) i elva for å styre elvestrømmen.
2. Vegetasjonsrydding av store grantre i elvekanten langs Finna ved vest for Measæter for å unngå rotvelte som kan demme opp elveløpet.
3. Heving av Finndalsvegen vest for Measæter, sikre vegkant mot Finna, forlenge avskjæringsgrøft for å ta unna vatn i vegggrøft, og reinske og utvide grøfteprofil og rydde vegetasjon mot Finna. I tillegg skal det leggest ned større stikkrenner for å handtere vatn som er på avveie på denne strekningen.
4. Sikre elvekanten og plastre med stor stein i elveløp av Råkåelva ved Øvre Bakkesætra, og elveløp forbi Meramstadsætre.
5. Fjerne stor stein i elveløp av Råkå på Vangen, der vegen krysser elva med traktorspor nedanfor, Traversbrua.

Dei ovannemnde tiltaka er uti frå ei samla belastning for området, vurdert som forsvarlege for å førebyggje eventuell flaumskade på Finndalsvegen og setre i området. Tiltaka vil ikkje vera i strid med verneføremålet, og vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- a. Tiltaket i Råkåelva ovanfor Meramstadsætre og oppstrøms ny gangbru over Råkå, skal ikkje settast i gang før det er utarbeidd ei vassdragsfagleg utgreiing av sikringsbehovet i området. Ei utgreiing av den reelle faren i området må klargjerast før ein kan bestemme sikringstiltak innafor dei rammene vassressurslova sett for slike tiltak i verna vassdrag.

- b. Det skal utarbeidast ein plan for plastring i elvekanten og bygging av buner oppstrøms Sterringen bru (pkt. 1), og sikring langs Råkåelva (pkt. 4). Plan for tiltak skal utarbeidast av fagfolk som har kunnskap og erfaring med denne type tiltak i vassdrag. Ein slik plan skal leggjast fram for nasjonalparkstyret til godkjenning før igangsetting.
- c. Finndalsvegen skal utarbeide ein konkret søknad om å heve vegen vest for Measæter, forlenge avskjæringsgrøft og reinske og utvide grøfteprofil og vegetasjonsrydding, jf. pkt. 3. Plan for heving av vegen skal leggjast fram for nasjonalparkstyret til godkjenning før igangsetting, jf. verneforskrift §3, pkt. 1.3, g).
- d. Før uttak av lausmasser innafør regulert område ved Measæterøye og utløp av Lauva til Finna, skal det sendast ein skriftleg søknad om mengde uttak til Nasjonalparkstyret for Reinheimen, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.3 a).
- e. Store natursteinar som er egna til plastring og erosjonssikring av elvekantar, kan takast ut i seterområdet, etter nærare avtale i felt med nasjonalparkforvaltar.
- f. Steinmasse og stor stein til plastring og erosjonssikring skal lagrast midlertidig innafør regulert område for massuttak ved Measæterøye.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta og naturmangfaldlova.

Det vert gjort merksam på at tiltaka også må avklarast med følgjande offentlege instansar:

- Statskog – grunniegar
- NVE, behandling etter vassressurslova
- Oppland fylkeskommune - behandling etter lakse – og innlandsfiskelova
- Lom kommune – vurdering etter forskrift om landbruksvegar (ved evt ombygging av vegen)

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Ref.synfaring 05.06.20, nasjonalparkforvaltar
- Søknad om tiltak i Finna og Råkå, frå Setereigarar på Vangen, Finndalsvegen, 11.08.20 - VEDLEGG
- Uttale til saka frå NVE, 08.09.20
- Notat etter synfaring med NVE, søkarar, Lom kommune og forvaltar 22.09.20, e-post frå NVE 25.09.20
- Uttale frå Innlandet fylkeskommune, journalført 01.10.20
- Ny søknad frå Setereigarar på Vangen, Finndalen beite- og bruksrettslag, Finndalen veiglag, 06.10.20

Saksopplysningar

Søknaden:

Med bakgrunn i synfaring med NVE 22.09.20, søker Finndalsvegen, Setereigarane på Vangen og Finndalen beite- og bruksrettslag, om dispensasjon for å gjennomføre førebyggjande tiltak mot nye flomskader i og ved elvene Finna og Råkå. Det er vist til søknad sendt 11.08.20, der utfordringar er skildra med foto.

Det er skissert tiltak på følgjande 4 punkt i søknaden, av 06.10.20:

«1. Sterringen

Steinsetting av elvekanten der Finna grev mot vegen. Opprensning i elvefaret.

2. Nord/vest for Measæterøye

Steinsetting av elvekanten, reparasjon av øydelagt førebyggjing, opprensning og forlenging av kanal bygd for å ta flomvatn og opprenskning i elva. Legge ned større stikkrenner i vegen.

3. A og B, Råkån

A) Sideløpet som renn nedanfor sætrene til Hågå, Starustøygard/Bergon, Sveen og Kjeka. Her vart det større vassføring etter flommen i 2012, og vegen har vorte øydelagt fleire gonger. Får ein ikkje gjort noko her, vil Traversbrua lenger ned kunne bli totalskadd ved neste flom.

Tiltak: Vi ynskjer å grave litt i elva mellom setrene til Hågå og Øvre Bakken for å redusere vassføringa i sideløpet, og lede vatnet til dei løpa som har kapasitet til å ta unna. Oppgravde masser brukast som førebyggjing i kanten av elva.

B) Ved sida av Øvre Bakkensætra renn det nå meire og meire vatn mot sætra og kveene nedanfor. Her må det gjerast tiltak i kanten av elva. Hvis ikkje vil sæterkveene bli øydelagde, og ei sæter truga.

Tiltak: Førebyggjing av elvekanten med store steinar.

4. Ovanfor Meramstadsætre

Etter flommen i 2012 har det frå Råkåkroken runne vatn nedover sør/aust for Meramstadsætre. Etter flommen i 2020 har det runne ei elv her. Dersom ikkje noko snarast blir gjort, vil mykje av vatnet under neste flom renne her, ta med seg jord- og steinmasser, og truge ei sæter (Uppi Bakken).

Tiltak: Her må utløpet til den nye elva tettast ved å flytte steinmasser i elva. Dette meiner vi kan utførast på ein skånsom måte ved bruk av ei beltegravemaskin.

Når og ansvar.

Det hastar med å få gjort tiltak slik vi nemner. Om ikkje vil skadene og såra i naturen bli svært store i samband med neste flom. Kven har ansvar for rydding og gjenoppbyggjing av skadene på sæterhus, kveer, bruer og vegar? Etter flommen i 2012 har det fleire gonger skjedd kostbare skader på vegen. Finndalsvegen har ikkje lenger økonomi til fleire store reparasjonar.

Samarbeid

Vi håpar på eit raskt svar og løyve til tiltak som hjelper til å hindre nye store skader. Vi ynskjer eit godt samarbeid. Ved å kombinere formell- og erfaringskompetanse, kan det bli gode tiltak.

Til slutt

Er det nokon av tiltaka det trengs tid til å utarbeide ein plan for, må det gjevast løyve til mellombels tiltak for hindre at nye og enda større skader oppstår.»

For kart og foto, sjå vedlagte søknad frå 06.10.20.

Historikk og bakgrunn:

Lom kommune søkte i juli **2012** NVE om bistand til tiltak (på det tidspunktet var også kommunen forvaltningsmyndigheit for verneområdet). I mars **2014** kom det avslag frå NVE, grunngjeve med at tiltaket ikkje nådde opp i økonomiske prioriteringar hjå NVE. NVE hadde heller ikkje kapasitet eller ressurser til å bidra med planleggjing av vassdragsteknisk tiltak, og bad om at tiltakshaver engasjerar ein konsulent for utarbeiding av plan for erosjonssikring. Sjølv om NVE avsto bistand til planlegging, så kunne dei gje råd, dersom grunneieren eller kommunen vil utføre mindre sikringstiltak med eigne midlar. NVE signaliserte og at dei ville opne for å vurdere saken på nytt om situasjon vart verre.

06.09.**2016** vart det ei ny synfaring med NVE, mellom anna regionsjefen i NVE, og lokale brukarar i Finndalen. Da var nasjonalparkstyret for Reinheimen også oppretta, og forvaltar organiserte synfaringa med NVE. NVE bad Lom kommune om ein førespurnad for ei

vassdragsteknisk vurdering, som grunnlag for søknad om tiltak i vassdraget. NVE signaliserte at dei kunne bidra med planlegging. NVE bekrefta dette på nytt i mars **2017**, med forbehold om at tiltaket vart godkjent av nasjonalparkstyret. I **2018** fekk Lom kommune følgjande svar frå NVE:

På grunn strenge prioriteringer i forhold til planlegging har NVE ikke fått sett på denne saken. NVEs midler til sikringstiltak i og langs vassdrag er gitt i årlige bevilgninger i statsbudsjettets kap. 1820, post 22. Midlene dekker ikke alle de behov for tiltak som blir meldt. NVE må derfor prioritere de tiltakene som har høyest samfunnsmessig nytte i forhold til kostnadene. Vi legger dessuten stor vekt på hensynet til vassdragsmiljøet. Dette medfører at mindre prosjekter med kostnad under 500 000 og med dårligere nytte kost ikke kan prioriteres. NVE kan derfor ikke prioritere noen bistand til planlegging av flomsikringstiltak i Finndalen.

Våren 2020 tok setereigarane kontakt med nasjonalparkforvaltar og Lom kommune, og uttrykte på nytt si bekymring for flomsituasjon på Vangen og Finndalsvegen. 05.06.20 vart det gjennomført ei synfaring der setereigarane på Vangen, fjelloppsyn i Finndalen fjellstyre, SNO, Lom kommune og forvaltar deltok. Synfaringa hadde fokus på 3 punkt, Finna oppstøms Sterringen bru, vest for Measæter, og Råå elv på Vangen. Verneforskrifta for Finndalen landskapsvernområde er sannsynlegvis det strengaste regelverket, og dispensasjonsbehandling etter verneforskrift bør avklarast tidleg i søknadsprosessen. Setereigarane på Vangen og Finndalsvegen, vart under synfaringa bede om å utforme ein søknad om skadeførebyggjande tiltak, til nasjonalparkstyret for Reinheimen.



Med bakgrunn i synfaringa i juni 2020 og søknaden frå Setereigarane på Vangen og Finndalsvegen datert 11.08.20, tok forvaltar kontakt med NVE og Innlandet fylkeskommune, for å få eit betre kunnskapsgrunnlag, og ei vurdering av saka med omsyn til konsekvensane på fisk- og vassdragsmiljø, og vassdragstekniske behov.

NVE sendte ei førebels vurdering av søknaden, i brev av 08.09.20, der dei gjorde slik vurdering av søknaden:

«Finna med sidevassdrag er et varig verna vassdrag, og grunnlaget for vernet er knyttet til de store verneverdiene i nedbørfeltet (elveløpsformer, geomorfologi, botanikk, land- og vannfauna, store kulturminneverdier, viktig for friluftsliv og reindrift og utfyller nasjonalpark ned til utløpet). Forskrift om rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag (RPR) gjelder for vassdragsbeltet, dvs. hovedelver, sideelver, større bekker, sjøer og tjern og et område på inntil 100 meters bredde langs sidene av disse, tillegg til andre deler av nedbørfeltet som det er faglig dokumentert at har betydning for vassdragets verneverdi. De omsøkte tiltakene vil

forringe de vernede verdiene og vil mest sannsynlig ha kort varighet. Vi anbefaler heller å gjøre mest mulig tiltak på land. Dette er et mer varig tiltak, som på en bedre måte vil kunne sikre verdiene.

For vernede vassdrag gjelder imidlertid spesielle bestemmelser i vannressursloven, jf. vannressursloven §§ 33 og 35. For vassdrag som omfattes av bestemmelser etter naturmangfoldloven, ivaretas vernet gjennom dette, og vannressursloven § 8 kommer ikke direkte til anvendelse.»

NVE foreslo nokre alternative løysningar som kunne vurderast under felles synfaring i Finndalen, men konkluderte førebels slik:

«Konklusjon

NVE mener hensynet til verneverdiene i vassdraget talar imot tiltaket slik det er foreslått, jf. vannressursloven § 35. Vannressursloven § 12 om gjenoppretting av vassdragets løp etter hendelser gjelder ikke for vernede vassdrag, og slike tiltak er dermed ikke unntatt konsesjonsplikt etter vannressursloven § 8.

For tiltak innenfor verneområder kommer imidlertid vannressursloven § 33 b) til anvendelse, og NVEs vurdering av tiltaket blir dermed et faglig råd knyttet til vedtak etter verneforskrift/naturmangfoldloven.

NVE mener det er mulig å oppnå hensikten med planen gjennom alternative løysningar som ikke påvirker verneverdiene i vassdraget, og vi fraråder at tiltaket gjennomføres slik det er foreslått. Tiltak for å sikre verdier bør utføres på land. Noe erosjonssikring i vannkanten kan gjennomføres der dette er eneste mulighet, slik som ved Sterringen og bru ved Vangen.»

Med bakgrunn i NVE si vurdering, kalla forvaltar inn til ny syfaring 22.09.2020, der representantar frå setereigarane på Vangen, Finndalsvegen, Lom kommune, NVE og forvaltar deltok. Rådgevar i fylkeskommunen hadde ikkje høve til å delta, men gav ei vurdering av saka i etterkant av synfaringa. Synfaringa ble gjennomført med stopp og vurdering på dei 4 punkta det er søkt om. Det var sett av godt tid til orientering, spørsmål og innspel til moglege løysningar. Søkjarane vart etter ei oppsummering frå NVE, bede om å sende ein oppdatert søknad med bakgrunn i drøftingane under synfaringa.



NVE oppsummerte synfaringa i etterkant, på e-post 25.09.20.

Med bakgrunn i søknader, synfaringar og vurdering av NVE og Innlandet fylkeskommune, skal nasjonalparkstyret for Reinheimen behandle søknaden etter vernereglane i Finndalen landskapsvernområde. Etter at nasjonalparkstyret har behandla saka, skal fylkeskommunen, fylkesmannen og NVE kommer med sine vurderingar.

Tiltak må også avklarast med Statskog som grunneigar.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 2020.

Verneformål – forskrift

Føremålet med Finndalen landskapsvernområde er å:

- *ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapets eigenart.*
- *ta vare på leveområde og trekkområde for villreinen, og anna biologisk mangfald som pregar landskapet.*
- *ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.*
- *ta vare på vakker vassdragsnatur.*

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

I Finndalen lvo er alle inngrep i utgangspunkt forbode, jf. verneforskrifta § 3, pkt. 1.1.

Men reglane skal ikkje vera til hinder for vedlikehold av eksisterande vegar mm..., jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.2 b). Eksisterande vegar og anlegg kan haldast ved like slik at dagens standard vert oppretthalde.

I verneforskrifta er det teke høgde for at det kan vera behov for omlegging og opprusting av vegar landbruksformål, og uttak av lausmassar, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.3,

a) Uttak av lausmassar til vegvedlikehald frå område som er spesielt avsett til formålet gjennom forvaltningsplan.

g) Omlegging og opprusting av vegar for landbruksformål.

Forvaltningsplan

Tema Vedlikehald § 3, pkt 1.2,b

Direkte heimla i verneforskrifta er løpande vedlikehald av Finndalsvegen. Vedlikehold av den eksisterande vegen skal skje på ein slik måte at den har samme standard som på vernetidspunktet. Vegen kan grusast, eksisterande grøfter kan vedlikehaldast som før. Anlegg av nye grøfter er ikkje tillate. Når det gjeld grusing tenker ein i denne samanhengen kun på vedlikehald av bærelag/slitelag der dette finnes frå før.

Omlegging og opprusting av vegar for jord- og skogbruksformål § 3, pkt 1.3, g.

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta godkjenne omlegging av vegar som eksisterer på vernetidspunktet over kortare strekningar eller rustast opp til ein høgare standard for å imøtekome nye behov på grunnlag av endra driftsmåtar og nye maskiner/reiskap. Inngrepa skal likevel avgrensast til det som er nødvendig for å oppnå ønska standard, og det skal vere eit reelt behov for endringa. Med omleggingar over kortare strekningar meiner ein til dømes omleggingar for å unngå eit blautområde, betre kurvaturen på vegen eller unngå bratte stigningar. Slike omleggingar skal gjerast kortast mogleg i høve til det som krevjast for å oppnå ønska forbetring. Opprusting kan også vere grusing for at vegen skal tåle høgare fart eller tyngre utstyr eller auka breidde for å kunne bruke større maskiner i høve endra driftsformer og driftsutstyr. Det er berre vegar som på vernetidspunktet er fysisk opparbeidd til jord- og skogbruksformål som blir omfatta av denne regelen. Køyrespor blir ikkje omfatta av regelen og kan følgjeleg ikkje rustast opp. I samband med skogsdrift er det høve til flytting av stein og stubbar for å lette tilkomsten. Tiltak utover dette må det søkjast om løyve for.

Masseuttak § 3, pkt 1.3 a

Masse til vegvedlikehald kan etter søknad takast i område med godkjente reguleringsplanar ved Measæterøye og i Finna nedafor Lauva sitt utløp. (Jf kart nr 3)

Biologisk mangfald / verdifulle naturtypar

I forvaltningsplan s. 137 er dagens utfordringar bruk, mål og utfordringar knytt til biologisk mangfald og verdifulle naturtypar omtala, der mellom anna dalbotnen i Finndalen med kroksjøer, flomdammer og meanderande elveparti Nord for Skaihøe, i utkanten av verneområdet er svært verdifulle områder (A-område). For opplysningar om raudlisteartar m.v. blir det vist til Naturbasen.

Det står vidare i kap. 9.12.2, at forvaltningsstyresmakta skal ta omsyn til område med verdifulle naturtypar og biologisk mangfald ved prioritering av tilrettelegging og søknader om tiltak i landskapet.

Naturmangfaldlova

Flomførebyggjande tiltak i elvevifta Råkå og i Finna elv er ikkje spesifisert som tiltak Nasjonalparkstyret kan gje løyve til etter verneforskrifta. Alle tiltak i Råkå elva og Finna, inkludert sikring av elvekant/forbygging, må derfor vurderast som dispensasjon frå vernevedtaket jf. naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsyn til vesentlege samfunnsinteressar gjer det nødvendig. Dersom eit omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsmyndigheita vurdere dispensasjon etter § 48.

I tillegg til behandling etter verneforskrift og eventuelle retningslinjer i forvaltningsplan og naturmangfaldlova § 48 må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlova, herunder dei miljørettslege prinsipp i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder), jf. § 7.

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningslinjer for vurdering av presedens i saker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Verneverdiane i Finndalen landskapsvernområde er knytt til natur- og landskapsverdiar, for å ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapets eigenart. Omsynet til villrein sitt leveområde er det sentrale i verneføremålet, men også ivaretaking av ein vakker vassdragsnatur.


Vassdragsnaturen er særleg viktig landskapselement i Finndalen, og for det biologiske mangfaldet. Finna og Råkå er også verna vassdrag, der elveløpsformer, geomorfologi, botanikk, landfauna og vassfauna inngår som viktige deler av naturmangfaldet.

Råkå elva sitt utløp i Finna er utforma som eit deltaområde/vifteområde, med fleire elveløp, elvegreinar, sand- og grusøyrer og vegetasjon. Vassdraget er svært masseførande, og stadig avlagring og forflytning av masse har i stor grad forma elvesystemet som eksisterer i dag. Endringar i vassdraget med stor massetransport gjer dette til eit særleg dynamisk område som stadig er i endring, og som er avgjerande for den verdien området har i dag.

Innlandet fylkeskommune har i si uttale vurdert vassdragsmiljøet og peika på at elvevifter er

generelt verdifulle naturområder, og skriv mellom anna: «Norge utgjør de forholdsvis små areal, men er viktige som biotop/naturtype langt ut over det areal de representerer. Mange arter har eksempelvis sine nisjer i elvedeltaer. Elvevifte er en naturtype som er kategorisert som «NT – Nær truet» i Norsk rødliste for naturtyper, og Miljødirektoratets Elvedatabase viser at elvedeltaer er en sårbar og truet naturtype i Norge. Fylkeskommunen er derfor opptatt av at det ikke gjøres tiltak som er av en slik karakter at det påvirker verdien av vifteområdet i Rååkåi negativt, og som ikke er til skade for fisk eller øvrig vassdragsmiljø».

Vassdragsnaturen med Finna sine elvesletter frå Odden i aust til litt vest for Reinskinn, er i naturbasen verdsett som ein svært viktig naturtype. Lokaliteten er stor med eit kompleks av kroksjøar, flomdammar og meanderande elveparti. Det er avsett store sand- og siltflater langs deler av strekningen. Dei mest interessante område når det gjeld artsmangfald er knytt til kildeframspring i dei tette lausmassane i elvekanten. Her er mellom anna arter som lodenbergknapp, jøkulstarr og småsøte funne, og eit opsiktsvekkande funn av Hengegras, raudlista som som kritisk trua art (CR). Arten var lenge kun kjent frå Kautokeino i fastlands Noreg. På Spitsbergen og Bjørnøya er arten ganske hyppig. Hengegras er utelukkende funne i flomsona langs Finna, i inn- eller utløp til kroksjøer, bakevjer eller små bekker. Det viktigaste for å bevare naturverdiene er å unngå tekniske inngrep i området. Finna med elvesletta og dei gamle flomdammane og kroksjøande er svært viktig element i vassdragsnaturen, og var av dei viktigaste verdiene som vart lagt vekt på ved verneplan for Finndalen.



Flyfoto frå naturbasen, der det merka feltet markerar eit svært viktig naturområde

Det er godt kunnskapsgrunnlag om verneverdiene i området, og vernereglane har teke høgde for at det kan vera driftsmessige behov for omlegging/opprusting av eksisterande veg i Finndalen, og uttak av masse etter vurdering.

Under er ei oppsummering av samla vurdering for kvart punkt i søknaden.

Punkt 1, Oppstrøms bru ved Sterringen

Uttak av masse i Finna, oppstrøms Sterringen bru, vil uti frå ei hydrologisk vurdering ha liten effekt på sikt, da uttaksområde vil fylles opp igjen med masse ved neste flaumepisodar, og ei senking av elveløpet vil kunne føre til ulemper nedstrøms brua ved Sterringen.


For å hindre gaving og erodering i elvekanten mot veg og kulturmark kan ei betre løysing være å plastre elvekanten med stor stein. NVE tilrår plastring av ytterkurve med stedefgen stein (ikke sprengt stein), etablere fotgrøft ved å leggje dei største steinane nedst i grøfta. Omtrentleg dybde på fotgrøft bør vera minimum 0,5 m under eksisterande elvebotn. I tillegg vil bygging av buner i elva, for å bremse og styre elvestraumen vera ei aktuell løysing her. I følgje NVE er det tenleg å etablere 2 buner, litt etter starten av plastringa med ca. 10 m mellomrom. Ved å plassere ein stor stadeigen stein ut frå plastringa vil ein kunne styre straumen bort frå plastringa.

Plastring i elvekanten og buner må utformast med NVE sine fagfolk, som har erfaring med denne type tiltak. Sjølve vegen kan og med fordel høgkast på dette partiet.

Punkt 2, vest for Measæter, utfordringer med veien

Eit avskjært flomløp i samband med vegutbygginga fører til utfordringane ein har i dag. NVE har etter synfaringa foreslått følgjande 4 tiltak som vist kartet under:

Punkt 2, vest for Measæter, utfordringer med veien



1. Plastring av ytterkurve på Finna har avgrensa nytte dersom ei andre forslag til tiltak utførast.
2. Fjerning av grantrær i elvekanten for å unngå rotvelt som kan blokkere elveløpet.



3. Forlenge avskjæringsgrøft for å fange opp vatn i veggrøft. Etablere en liten voll for å holde vannet i avskjæringsgrøft. Utvide grøfteprofilen og rydde vegetasjon i løpet på dei siste metrane før Finna. Heve vegen på stedet, og erosjonssikre veikant mot Finna.



4. Grøfteprofil på veien kan vurderes utvidet for å lede eventuelt vann videre forbi.
5. Det bør vurderes å legge ned større stikkrenner i denne vegstrekninga for å kunne håndtere eventuelt vatn på avveie.

Punkt 3, elvevifta på Vangen

Det er søkt om å grave i elva slik at vassføring i nytt sideløp reduseres. Tiltaket med å grave i elva ble sett på under synfaringa 22.09.20, og kan etter NVE si vurdering komme i strid med vannressursloven § 10 (krav til minstevannføring). Det er og avgrensa verdiar som blir sikra, noko som gjer at inngrep i elveløpet her truleg ikkje blir gjeve løyve til. Graving i elva vil også etter NVE si vurderinga ha liten effekt på lang sikt.

Ved sida av Øvre Bakkensætra kan det gjerast tiltak i elvekanten, for å sikre seterhus og seterkve.

Når det gjeld utbetringsarbeid på brua (Traversbrua) for å reparere undergraving, er det eit aktuelt tiltak det er aksept for. Det er aktuelt å fjerne nokre stein der vegen krysser elva med traktorspor. Som nemnt på synfaringa 22.09.20 blir det tilrådd at det ikkje gravast i elva nedanfor brua, da det vil auke hastigheita på vatnet under brua som igjen kan føre til skader på brua.



Punkt 4, ovenfor Meramstadsætre

Under synfaringa 22.09.20 vart det vurdert moglegheit for å flytte på steinmassar for å lede vatnet over i hovudløpet av Råká, og for redusere vassføring i sideløp som har fått auka vassføring, og som renn mellom Meramstadsætre og Bakken oppisætre. Råká og området ved sætrene er ei elvevifte med stadige endringar som følgje av stor masseføring. Området består av mange sideløp med varierende vassføring, som stadig endrara seg. I følgje NVE er også sikringseffekten på det foreslåtte tiltaket her usikkert. NVE gjer ei slik vurdering av dette tiltaket:

«Tiltaket strider også mot verneverdiene og vannressursloven §§ 10 og 35.

Vannressursloven § 12 om gjenoppretting etter hendelse gjelder ikke for verna vassdrag. Vi har forståelse for ønsket om å sikre sætrene. NVE mener et slikt arbeid bør starte med en faglig utredning av den reelle faren i området, for dretter å se på mulige sikringstiltak innenfor de rammene vannressursloven setter for slike tiltak i verna vassdrag. Dermed mener vi det ikke bør igangsettes tiltak i dette området før man har større klarhet i behovet og hva som faglig sett ev kan svare ut det sikringsbehovet som måtte være der.»



Råká tek nytt far til venstre her.

Av omsyn til vassdragsnaturen og landskapet i Finndalen landskapsvernområde er det viktig at fysiske tiltak er godt gjennomtenkt, og at dei blir utforma på ein slik måte at dei er haldbare for å unngå stadige inngrep. Når det gjeld uttak av masse i elveløpet tilseiar den store massetransporten og høge vassføringa i vassdraget at uttaksområda raskt vil fylle seg opp att, og at elva uansett vil gå utover sine vanlege løp. Elvemassar som flyttast frå innersving til yttersving vil også ha stort potensiale for å bli transportert vidare nedstrøms ved neste flomhendelse, og såleis ikkje ha noen flomsikringseffekt. Fysiske førebyggjande tiltak i elvevifta på Vangen bør starte med ein fagleg utgreiing av den reelle faren i området, før ein kan foreslå moglege og nødvendige sikringstiltak innafor ramma vannressurslova sett for

slike tiltak i verna vassdrag. Tiltaket i Råkåelva ovanfor Meramstadsætrætra, bør ikkje settast i gang før ein har ei vassdragsfagleg utgreiing av sikringsbehovet i området.

Konklusjon

Graving og uttak av masse i Finna og Råkåelva

Med bakgrunn i kunnskap om den svært verdifulle vassdragsnaturen med Råkåelva sitt utløp i Finna og Finna sine elvesletter, så vil graving og uttak av masser i elva vera i strid med verneføremålet, og til ulempe for verneverdiane. Graving og flytting av masse i elvevifta Råkå og i Finna, for å styre vassføring i andre sideløp er etter ei fagleg vurdering eit usikkert tiltak som vil ha lite effekt på sikt. Det blir tilrådd å gjennomføre mest mogleg tiltak på land. Det gir betre sikring på lang sikt, og vil samtidig kunne sikre verneverdiane i landskapsvernområdet.

Erosjonssikring av elvekant / bygging av buner i elv

Erosjonssikring av utsatte elvekanter og bygging av buner i elva for å styre elvestrømmen, med egna stein og masse, vil ikkje vera til nemneverdig ulempe for verneverdiane i området, og vil vera det mest føremåltenlege tiltaket av omsyn til sikring av verdiar og vassdragsmiljø.

Erosjonssikring i elvekant og bygging av buner må utformast med NVE sine fagfolk, som har erfaring med vassdragstekniske tiltak. Fordelene med erosjonssikring i utsatte elvekanter og bygging av buner i elva vil vere store, og ulempene for verneverdiane små.

Vassdragsmiljø

Når det gjelder fisk må det gjerast ei vurdering om tiltaka er av ein slik karakter og storleik at dei fører til transport av finstoff av betydning nedstrøms, sett i samanheng med avstand til gyte- og oppvekstområdar for ørret. Denne vurderinga vil fylkeskommunen ta ved ein eventuell behandling etter lakse- og innlandsfiskelova, etter at tiltaka er spesifisert og avklart etter vernereglane.

Finndalsvegen

Heving av Finndalsvegen på utsette parti og strekningar er vurdert som eit viktig førebyggjande tiltak, for å sikre eksisterande veg. I tillegg kan ein vurdere å erosjonssikre vegskulder som vender mot vassdraget. Nasjonalparkstyret kan godkjenne opprusting og evt. omlegging av Finndalsvegen over stutte strekningar, for å sikre vegen mot skade og erosjon, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.3, g).

Uttak av masse til sikringstiltak

Etter søknad kan det takast ut masse til vegvedlikehald i område med godkjende reguleringsplanar som ved Measæterøye og i Finna nedanfor Lauva sitt utløp, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.3 a).

Under synfaringa 22.09.20 vart det gjeve ein aksept for å plukke store steinar innafor setergrendene, som er lagra inntil seterkveene i samband med nyleg rydding, utviding og inngjerding av beitearealseterkve som t.d. på Sterringen. Uttak av masse og stein skal avklarast med forvaltar i forkant.

Uti frå ei samla vurdering av kunnskapsgrunnlaget (NML § 8) vil førebyggjande tiltak som utførast på land, og erosjonssikring i vasskanten og bygging av buner i elva, gje minst total belastning for økosystemet i vassdragsmiljøet i området, jf. NML § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning).

Til Nasjonalparkstyret for Reinheimen

SØKNAD OM TILTAK I FINNA OG RÅKÅ.


Elvene Finna og Råkå i Finndalen er aktive og flyttar mykje jord, grus og stein. Nå har dei lagt igjen så mykje masse fleire stader at det vil bli store skader på veg, bru og setrer i neste flaum om det ikkje blir gjort noko. Vi søker difor om å få utføre skadeførebyggjande tiltak på desse stadene.

Mykje av dette var tema på ei synfaring 5.juni i år med representantar frå Lom kommune, SNO, fjelloppsyn, nasjonalparkforvaltning, Finndalsvegen og setereigarar.

1. Sterringen

Vest for bruene på Sterringen legg Finna igjen veldig mykje masser i innersving, og grev i yttersving.

Langs vegen var det inntil nyleg ei stor elveslette. Denne er nå borte. Fortset det som nå er vegen borte neste år.



Flyfoto frå ein dag med lite vassføring syner massene som er lagt igjen og korleis elva grev seg mot vegen.



Sett frå brua og vestover 5.juni 2020.



5.juni 2020. For ikkje lenge sidan var det 20 m mellom vegen og elva.



Her ynskjer vi å bruke ei stor gravemaskin for å flytte masser frå innersving til yttersving. Vi vil da få ei førebyggjing mot vegen, elveløpet blir retta ut, og elva vil få mindre kraft til å grave i yttersving. Elva vil alltid grave, så dette er ikkje ei endeleg løysing, men det set utviklinga fleire år attende.

Vi vil også be om løyve til å leggje tilsides noko av massene. Her er det fraksjonar som eignar seg til berelag, og som er vanskeleg å finne annan stad i Finndalen. Finndalsvegen har eit kontinuerleg vedlikehaldsbehov. Får vi deponere og etterkvart bruke desse massene, sparar vi oss for graving andre stader.

2. Vest for Measæter

Nedanfor gruva mellom Measæter og Vangen følger Finna fleire far. Ved stor vassføring går stadig meir av vatnet i løpet nærast vegen. Her var det før ei førebyggjing mot vegen. Den er nå borte.



Flyfoto som syner situasjonen ved lite vassføring. Her går vatnet slik det bør.



Bilete frå befarung 5.juni 2020. Ved halvstor vassføring går veldig mykje vatn over i sideløpet mot vegen.



Elva grev kraftig i kanten.



Her braut elva gjennom få dagar etter.

Dette punktet var tema på synfaring 5.juni. 21.-22.juni voks vassføringa, og elva tok eit nytt far ut frå svingen her og ned mot Measæter. Finndalsvegen blei påført store skadar, og var uframkomeleg i fleire dagar.



Litt av skadene som vegen vart påført.

Etter siste flaumen er det nå 10 grantre som står på skakke ut i elva. Om desse veltar, vil dei bli som ein dam og føre vatnet på avvegar. Finndalsvegen kjem difor til å fjerne desse trea iløpet av dei næraste dagane.

Utover dette søkjer vi om å få grave i elva. Fyrst vil vi flytte litt masser slik at meir vatn går i hovudløpet, og mindre i sideløpet. I sideløpet ynskjer vi å grave inn masser og leggje dei på sida mot vegen. Spesielt vil vi gjerne ha store steinar her slik at vi får reparert førebyggjingsfunksjonen som var her før.

3. Elvevifta på Vangen

Der terrenget flatar ut på Vangen spreier Råkå seg i fleire løp. Lengst aust av desse er det eit lite sideløp som går framom setrene til Hagen, Bergon, Sveen og Kjeka. Dette går vidare austover, under ei lita bru og ned i Finna. Siste året har det kome veldig mykje meir vatn i dette løpet. Det som før var ein liten bekk har nå blitt ei elv det kan vera vanskeleg å passere. Fundamenta under vegbrua lengst ned har også blitt undergrave.



Flyfoto. Pila syner omlag der mykje av vatnet no går inn i sideløpet.



Råå 5.juni 2020. Store mengder stein er lagt igjen i hovudløpa, og vatnet pressar seg inn til venstre mot setrene.



Sideløpet framom setrene. Det går no mykje meir vatn her enn løpet har kapasitet til.



Brua der Finndalsvegen går over sideløpet. Den kraftig auka vassføringa har undergrave fundamenta på både sider. Utan tiltak vil brua reise i neste flaum.

Vi ynskjer å grave litt i elva mellom setrene til Hagen og Øvre Bakken. Vassføringa i sideløpet må avgrensast, og vi må få vatnet attende i dei løpa som har kapasitet til å ta det unna. Dette får vi til ved å grave forsiktig på 2 stader. Vist på vedlegg 1 og 2.


4. Ovanfor Meramstadsetra.

Dette punktet var ikkje tema under synfaringa. Kort tid etter byrja Rågå å lage seg eit nytt far mot Meramstadsetra. Om dette får fortsetja, er setra truga. Alt nå har det blitt store problem fordi det nye faret har så stor vassføring at det sperrar stigane beitedyra våre er avhengige av.



Råkå tek nytt far til venstre her.

Her ynskjer vi også å flytte litt stein i elva for å hindre at dette får utvikle seg. Vist på vedlegg 3.



Grovt kart som viser plassering av tiltaka.

Oppsummering.

Erfaringsmessig er det alltid flaum om våren. Stundom ellers også.

Situasjonen i Finna og Rååkå er no så kritisk at neste flaum vil påføre veg, bru og setrer omfattande skader. Vi søker difor om å få utføre tiltak i elva på nemnde punkt.

Arbeidet vil bli utført med gravemaskin. Opptekne masser skal leggjast tilsides og pyntast til slik at det ser naturleg ut.

Vi ber om at Lom kommune koordinerar denne søknaden mot andre aktørar som skal uttale seg.

Vi håpar på rask saksgang da dette må utførast i haust medan vassføringa er lita.

Vedlegg

Vedlegg 1: Oversiktskart flaumløp Vangen.

Vedlegg 2: Tiltak i elvevifta på Vangen.


Vedlegg 3: Nytt far i Rååkaelva mot Meramstadsetra.

For sætereigarane på Vangen:



Arve Bakken

For Finndalsvegen



Hans Jørgen Bøye



Arkivsaksnummer: 2020/12486-2

Saksbehandlar: Kristine Sørle

Dato: 13.11.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	46/2020	23.11.2020

Finndalen Ivo - Dispensasjon - oppsetting av vindmølle og flaggstang - Sterringen 159/1 fnr. 84 - Mona og Arild Fallingen

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3, b) får Mona og Arild Fallingen, følgjande:

1. dispensasjon til oppføring av ei mindre vindmølle på Sterringen seter, fnr. 84, i Finndalen landskapsvernområde.

Dispensasjon til vindmølla er gjeve med følgjande vilkår:

- Vindmølla skal ha ei mastehøgde på 4,5 meter.
 - Plassering av vindmølla skal vera på baksida av seterbygningane, inn mot sørsida av setertunet.
 - Vindmølla skal kunne påførast ei mørk grøn farge for å vera til minst mogleg synleg.
 - Vindmølla skal erstatte eit fosilt drive aggregat på setra, og skal vera i drift når det er folk på setra, og ved nødvendig energiforbruk.
2. avslag på oppsetting av flaggstang, da det ikkje er i trå med tradisjonell byggjeskikk i seterområdet, vil vera eit framandelement i setermiljøet utan nytteverdi, og skape uheldig presedens.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Dispensasjon til oppsetting av vindmølle gjeld i høve verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde. Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med grunneigar og kommunen i høve til plan- og bygningslova.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Mona og Fallingen, epost 10.09.20

Saksopplysningar

Mona og Arild Fallingen søker om godkjenning til å sette opp ei minivindmølle på 1kw, og ei flaggstang på 6 meter, på si sæter på Sterringen i Finndalen landskapsvernområde.

I e-posten står følgjande:

«Søknad om godkjenning av oppsetting av minivindmølle på 1 kw.

Vi er på sætra mesteparten av tida fra det er farbart på våren til sent på høsten.

Vi er aktive bønder med ammekyr, sau, ammegeit, hest m.m.

Vi driver utleie og vil i gang med besøkssæter/sæterturisme.

Vi er avhengige av ekstra lading til vår batteribank i mørke perioder, denne vindmøllen som har en masthøyde på 4.5m er da en erstatter for et fosilt drevet aggregat.

Vi bruker strømmen til bl.a. lys, varmtvann, kjøleskap, fryser og vaskemaskin.

Det å ha strøm ser vi på som en stor sikkerhetsfaktor, i forhold til gass, stearinlys og parafinlamper.

Vindmøllen skal lakkeres grønn.

De som ønsker er velkomne til å komme å sjå anlegget. Det betyr mye for oss som bruker sætra så mye å ha strøm her.

Vi ønsker i samme søknad, å søke om å sette opp flaggstang på 6 meter. Denne skal stå vest for gamle huset.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Verneformål – forskrift

Finndalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., herunder tilbygg og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar,...

Nasjonalparkstyret kan etter verneforskrifta § 3, pkt. 1.3., gje løyve til b) oppføring av nødvendige bygningar til jordbruks- og seterformål.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan, kap 9.3, frå s. 126, står det følgjande:

Nye bygg for jordbruks- og seterformål § 3, pkt 1.3, b):

Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i Materialval Byggjeteknikk Utforming og farge, jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemmande i landskapet

Byggeskikk § 3, pkt. 1.3 b):

Bygg for jordbruks- og seterformål omfattar dei formål og bygningar som til kvar tid inngår i gjeldane seterforskrift til fjellova.

Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta tillate oppført nye bygg for jordbruks- og seterformål. Nye bygg for jordbruks- og seterformål skal innafor ei forsvarleg økonomisk ramme, utformast i tråd med den tradisjonelle byggjeskikken, men likevel tilpassast gjeldande byggtkniske krav og nyare driftsmessige behov.

Nye bygg skal plasserast i terrenget slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemmande i landskapet.

Oppføring av nye bygningar og anlegg (gjerder, bruer og klopper) som er nødvendige til jordbruksføremål vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle. Det blir ikkje gjeve løyve til nye byggverk i ubebygde område.

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld små tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Mona og Arild Fallingen er aktive sæterbrukarar på Sterringen i Finndalen, og driv omfattande husdyrhald med storfe, ammekyr, hestehald og boergeit heime på garden i Skjåk og i Finndalen heile beietesesongen. Dei har fram til for nokre år sidan drive med mjølkeproduksjon på setra, men har no lagt om storfedrifta til ammeku med ulike storferasar. Søkjarane har oppgradert seterbygningar i god stand, og har framtidige planar om å utvikle setra for besøkande, med fokus på dyrehald og seterliv. Som aktive beitebrukarar og næringsaktørar i seterområdet er det eit akseptert behov for å ha miljømessig sikker energikjelde.

Vernereglane i Finndalen har teke høgde for at det er behov for oppføring av nødvendige bygningar til jordbruks- og seterføremål, jf. § 3, pkt. 1.3., b). Dette omfattar jf. forvaltningsplan dei føremål og bygningar som til ei kvar tid inngår i gjeldande seterforskrift og fjelllova, etter driftsmessige behov. Nye bygningar og anlegg som er nødvendige til jordbruksføremål skal vurderast i kvart enkelt tilfelle. I denne bestemmelsen er det høve til å bruke ei skjønnsmessig vurdering av kva type anlegg som vil vera nødvendig for landbruksnæring i dette tilfelle.

Når det gjeld ny flaggstang på setra så legg forvaltar til grunn forvaltningsplan sine retningsliner om tradisjonell byggjeskikk i området. Det er ikkje tradisjonar for å sette opp flaggstang på sætre i området. Flaggstang høyrar ikkje heime i sætermiljøet, men er oftare å finne på gardsbruk nede i bygdene med fast busetting. Ei flaggstang i Finndalen landskapsvernområde har inga nytteverdi, og vil verke skjemma i landskapet, og blir eit framandelement i landskapsvernområdet.

Når det gjeld vindmølle av den storleik og kapasite det er søkt om, vil det ha ein konkret nytteverdi for drift og næringsverksemd på setra. Ved omfattanda husdyrhald og etter kvart ei tilretteleggjing for besøk, vil det vera behov for energi. Det vil og tale til fordel for søknaden at vindmølla skal erstatte dieselagreatet i dag.

Det er nærliggjande å tenkje at vindmølla kan føre til ulemper for fuglelivet.

Kunnskapsgrunnlaget i området er godt når det gjeld dyre- og fugleliv. Jf. nml § 8, har forvaltar vore i kontakt med Geir Høytomt som har utarbeidd sårbarheitsvurdering for rovfugl og våtmarksfugl i Reinheimen. Det er ingen sårbare fuglebiotopar ved Sterringen som kjem i konflikt med ei vindmølle på setertunet. I følgje Høytomt er det heller ingen grunn til å tro at slike små vindmøller vil vera er problematisk for fugl.

Vindmølla bør plasserast innafor setertunet på bebygd areal, eventuelt på eksisterande seterfjøsset/uthus, der den er til minst mogleg sjenanse for landskapsverdiane, men samtidig får tilstrekkeleg vind. Foreslått plassering på bakside av seterhusa på sørsida i tunet, vil etter forvaltar si vurdering vera god, og vil vera minst mogleg skjemma. I tillegg vil søkjarane lakkere vindmølla mørk grøn slik at den blir minst mogleg synleg.

Verknaden av presedensskal vurderast. Det skal gjerast ei konkret vurdering av kor mange andre søknader om vindmøller ein kan forvente i området, jf. naturmangfaldlova § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning). I Finndalen er det 4 seterstular med 32 setre. Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens ved at andre med seter kan få dispensasjon til liknande tiltak, vera til stade. Forvaltar har vurdert sannsynlegheita for at det vil bli mange liknande saker som relativt små. Det er god oversikt over landbruksnæringa og aktiviteten i Finndalen og verneområda elles. Setra til Fallinggen på Sterringen er ein av dei få att med aktiv bruk, med omfattande husdyrhald og med ulike dyreslag på beite. Kombinasjon av driftsopplegget med beitebruk, eit ønskje om å utvikle setra for besøkande er avgjerande for å gje dispensasjon i dette tilfelle. Oppsettinga av vindmølle er i denne saka knytt til eit driftsmessig behov på setra.

Ut i frå ei total vurdering av saka vil det ikkje kunne gjevast dispensasjon til ei ny flaggstang på setra av omsyn til byggeskikk, landskapsbilete, nytteverdi og fare for presedens.

Fordelen med å erstatte dieselaggregat med vindmølle er vurdert som større enn ulempene for landskapsbilete og samla belastning av området.



Arkivsaksnummer: 2020/11566-2

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 29.10.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	47/2020	23.11.2020

Ottadalen LVO - dispensasjon - oppføring av utedo ved Sveinbua - Skjåk almenning

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Skjåk Almenning dispensasjon til å oppføre ny utedo, som rekonstruksjon av eksisterande utedo på Sveinbua i Reinheimen nasjonalpark.

Tiltakets omfang vil ikkje vera i strid med verneføremålet eller påverke verneverdiane i nemneverdig grad.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

1. Ny utedo skal oppførast på same tomt som eksisterande utedo står på i dag, koordinat: Nord=6874554.92 Øst=454763.98
2. Fundamentet på utedoen skal være enkel mur med naturstein.
3. Utvendig kledning skal vera liggjande panel og påførast same farge som på Sveinbua.
4. Taket skal utformast som pulttak, som eksisterande takkonstruksjon. Takmaterialet skal vera tre eller takshingel/papp.
5. Etter oppføring skal utedoen utvendig areal vera: 95 cm x 125 cm, og høgde 2 m.

Motorisert transport av byggematerialar skal avklarast nærare med nasjonalparkforvaltar, slik at transporten blir tilrettelagt for å unngå skade på terreng, eller medfører uro av villrein i sårbare periodar av året. Transporten skal om mogleg samordnast med annan transport.

Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til **01.10.2022**.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Skjåk Almenning, 26.10.20

Saksopplysningar

Skjåk Almenning søker med dette om dispensasjon for oppføring av ny utedo ved Sveinbua (almenningshytte i Ottadalen LVO).

Sveinbua er bygd i 1977. Utedoen er ikkje riktig like gamal, men byrjar no å merke ei årrekkje i hardt klima. I fleire år har det vore utført naudsynt vedlikehald på doen for å sikre lengst mogleg brukstid. No byrjar slitasjen å bli sopass stor at det er vanskeleg å få utført vedlikehald. I denne samanhengen har naturoppsyn i Skjåk Almenning konkludert med at restaurering ikkje blir aktuelt for dette bygget. Skjåk Almenning ynskjer å rive og frakte ned den gamle doen. Vidare ynskjer vi å føre opp ein ny utedo med same storleik og på same stad. I så måte blir det ein rekonstruksjon.

Doen har fylgjande mål:

2 meter mønhøgde x 95 cm breidd x 125 cm lengd.

Doen blir kledd med liggande panel.

Elles er det ikkje vindaug på bygget. Takkonstruksjonen blir type saltak og blir dekt med svart takshingel (takpapp). Doen kjem til å bli måla med same gråfarge som hytta og som blir brukt på dei fleste almenningsbygg i fjellet. Fundamentet blir ein enkel mur med naturstein.

Doen har fylgjande plassering: Koordinat: Nord=6874554.92 Øst=454763.98



Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Verneformål – forskrift

§2,» *Føremålet med oppretting av Ottadalen landskapsvernområde er å*

- *ta vare på eit eigenarta naturlandskap som del av eit samanhengande høgfjellsområde*
-

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Ottadalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot nye bygg, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1.

1.3 *Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:*

- a) *Ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplanen.*
- b) *Gjenoppføring av bygningar som går tapt ved brann eller naturskade.*

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan er vernereglane for bygningar og byggetiltak mm. utdjupa, jf. retningsliner, pkt. 4.3.2, frå s. 142:

Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, a og 1.3, a, b.

Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i

Materialval

Byggjeteknikk

Utforming og farge,

jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemmande i landskapet.

Nye bygg § 3, 1.1.

Nye bygg tillatast ikkje oppført.

Vedlikehald § 3, pkt 1.2, a.

Direkte heimla i verneforskrifta er normalt innvendig og utvendig vedlikehald som skifte av kledning, dører, glas og tak som ikkje fører til endring av storleik eller fasade er tillate utan søknad.

Alle former for fasadeendringar og utvidingar er søknadspliktige i landskapsvernområdet.

Vedlikehald omfattar ikkje ombyggingar som fører til endra bruk av bygget.

Ved vurdering av om eit tiltak er ei fasadeendring vil ein leggje vekt på om endringa fører til at bygget blir meir eksponert i høve til omgjevnadene. Val av skarpe fargar til utvendig maling, blanke blikktak m.m. på bygningar som ikkje hadde dette frå før er å rekne som fasadeendringar. Bordkledning av tømmerhus reknast som ei søknadspliktig fasadeendring.

Det er tilstanden på taket som avgjer om arbeidet er å rekne som nybygg /oppattføring eller vedlikehald.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Dersom eit omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsmyndigheita vurdere dispensasjon etter § 48.

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av

presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.


Vurdering

Det er søkt om å rive eksisterande utedo for å oppføre ny do i same storleik. Tiltak som gjeld riving av eksisterande bygg, for nyoppføring, er rekna som oppføring av nybygg, og tillatast ikkje, jf. verneforskrift for Reinheimen, § 3, pkt. 1.1. Riving på grunn av dårlege materialar og slitasje som følgje av vær og vind, kan heller ikkje reknast som gjenoppføring på grunn av tap etter brann eller naturskade, jf. § 3, pkt. 1.3 a. Saka må derfor behandlast etter naturmangfaldlova § 48, som unntak frå vernevedtaket.

Verneforskrifta og forvaltningsplanen har teke høgde for at det kan vera behov for mindre ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i Ottadalen lvo. I landskapsvernområdet er det meir enn 30 husvere av ulik standard. Bygningane er spreidd over store delar av området og knytt til tradisjonell bruk som jakt, fiske og beitetilsyn. Husvera er for det meste i privat eige, men nokre er fellesbuer og buer eigd og drive av Skjåk bygdeallmenning og Finndalen fjellstyre. Bygningane i verneområdet ligg i ope og sårbart høgfjell. I slike område vil det derfor vere strenge restriksjonar på utviding/tilbygg og bygging av uthus. Området i Ottadalen landskapsvernområde er svært spreidd utbygt, så det kan vere vanskeleg å gjere greie for ein eins byggeskikk.

Utskifting av utedo i sama storleik/utforming vil ikkje auke overnattingskapasiteten eller bruken av hytta, men vil gje praktiske forbetringar av eksisterande toalettfunksjon på hytta.

Bruken av Sveinbu er i hovudsak knytt til utleige i samband med jakt/fiske, og blir også nytta av oppsyn under villreinjakta. Sveinbu har i følgje reiselivskartlegginga i 2018 hatt aukande overnattingsbesøk, med dobling frå 24 i 2015, til 51 i 2016. Området er fyrst og fremst ein del av heilårsbeite for villrein. Dei mest sentrale trekk- og kalvingsområda til villrein er registrert aust for Sveinbu, og tiltaket vil ikkje føre nemneverdig endringar av villrein sitt noverande beite og trekkområde. I kartet under er trekkområdet vist ved blå felt, og kalvingsområde som rosa felt. Sveinbu er markert med raud prikk.



Leveområdet til villrein, med vekt på vinterbeite og villreintrekk gjer også at retningslinene i forvaltningsplan er strenge ved vurdering av presedens i samband med bygging av t.d. uthus/utedo i Ottadalen landskapsvernområde. Kunnskapen om naturverdiar og villrein sin arealbruk i området er god, jf. naturmangfaldlova § 8, (kunnskapsgrunnlaget). Reinheimen-Breheimen Villreinutval sørger for god overvaking gjennom året. Bygget i seg sjølv vil ikkje komme i konflikt med villreinsinteressane, men det vil vera bruken som kan påverke villrein. Den mest sårbare tida på året for villrein er vinteren og våren. Sveinbu er hovudsakleg nytta i jakt- og fiskesesongen, og tiltaket vil korkje auke eller endre bruken i nemneverdig grad.

I SNO sin feltdagbok (verneområdeloggen) er det registrert 418 bygningar av ulike slag i heile verneområdet Reinheimen, inkludert 6 landskapsvernområde. Av dei registrerte bygga er det 126 byggverk innafor nasjonalparken.

Eksisterande utedo er merka av ei årrekkje med slitasje i hardt klima. No byrjar slitasjen å bli såpass stor at det er vanskeleg å få utført vedlikehald, og at det er lite hensiktsmessig å reparere der den står. Ved å rive eksisterande og byte ut med ein ny men lik utedo vil ein kunne se på tiltaket som ei rekonstruksjon, der ein retter seg etter slik bygget er i dag, med same utforming og prinsipp, med enkel mur/ fundament av naturstein og same utvendig kledning og same tak. Oppgradering som må tillatast er betre vindtetting, med duk. Det bør og kunne leggjast eit tett undertak under evt. tretaket, som inneber nokre cm høgare tak.

Det er i tidlegare saker i verneområdet aksept for å rive noko av eksisterande byggverk for å restaurere, så lenge ein brukar opp mest mogleg av eksisterande berekonstruksjon, og bygger opp att i same storleik og held seg til same dimensjon, utforming og plassering. Det er aksept for å rive den gamle for å byte ut med ein lik utedo som dekker den nødvendige toalettfunksjon på hytta.

Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens vera til stade. Skjåk Almenning fekk dispensasjon til å ta ned eksisterande utedo og sette om ein ny, med same utforming og storleik, på Skarvedlashytta i nasjonalparken i 2019. Av omsyn til likebehandling og at dette heilt parallell sak, vil det også tale for å gje dispensasjon. Det er og relativt grei oversikt over eksisterande hytter og buer i nasjonalparken. I dette tilfelle er også tiltakets omfang avgjerande, da det i praksis er eit vedlikehaldstiltak på eksisterande utedo. Krav til rekonstruksjon av utedoen i dette tilfelle betyr at oppføring av bygget skal ha same storleik med same dimensjon og utforming. Fordelane ved å få på plass ny utedo vil vera stor, og ulempene for verneverdiane små. Ut i frå ei total vurdering er vilkåra for å gje dispensasjon oppfylt. Tiltaket vil ikkje stride mot verneføremålet for Reinheimen nasjonalpark, eller påverke verneverdiane nemneverdig



Arkivsaksnummer: 2020/12497-4

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 16.11.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	48/2020	23.11.2020

Romsdalen LVO - fasadeendring - bytte hyttetak ved Horgheimsetra - 2020-2021 - Reinhold Ziegler

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i § 3, pkt. 1.2.b i forskrift for Romsdalen lvo, får Reinhold Ziegler avslag på søknad om å legge ståltak på hytta si ved Horgheimsetra. Eit ståltak kan gi blinkande intrykk ved solskinn, og vil skilje seg frå eksisterande bygg og setermiljøets byggeskikk.

Med heimel i § 3, pkt. 1.2. b får søkjar dispensasjon til å legge tretak eller torvtak evt. nytt shingel/papptak. Ved bytte av hyttetak skal det bli gjennomført slik at det ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemma i landskapet.

Klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Nasjonalparkstyret for Reinheimen.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknaden er vurdert i samsvar med:

1. Forskrift om verneplan for Reinheimen, forskrift for Romsdalen lvo, 24.11.2006
2. Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010.
3. Naturmangfaldlova, 19.06.2009.

Dokument i saka

Søknad i e-post frå Reinhold Reitan Ziegler datert 26.09.20

Saksopplysningar

Søknaden

Søkaren ynsker å få lagt ståltak oppå shingeltaket slik at det held ein generasjon til, uten for mykje vedlikehald og mens taket er såpass bra at ein slipp å bytte tjære-papp-shingel taket.



Bilete av hytta. Foto: Ziegler

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Verneformål – forskrift

§ 2. Formål

Formålet med opprettinga av Romsdalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet
- ta vare på eit samanhengande naturområde varierende frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til dalbotnen med Rauma elv
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer, der dei bratte fjellssidene mot Romsdalen utgjer eit særprega landskapselement i området. **Verneformål** – forskrift Romsdalen landskapsvernområde er etter verneforskrifta § 3, pkt. 1.1, verna mot

inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter: «Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekulturivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmende.»

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen er vernereglane for bygningar og byggetiltak innafor Romsdalen Ivo utdjupa, i pkt. 7.3.2, frå s. 88:

Byggjeskikk § 3, pkt 1.2 b.

Alle nybygg, oppattbyggingar, tilbygg og restaureringar skal utførast i lokal byggjeskikk. Dette inneber at bygget så langt det er råd skal tilpassast eksisterande bygg i utforming, areal/volum, plassering, tilpassing til eksisterande hus og materialval. Forvaltningsstyresmakta kan stille vilkår når det blir gjeve løyve til slike tiltak. Ved vurdering av søknader om nybygg skal ein vurdere bygget og bygget sin funksjon opp mot verneformålet og verneverdiane i området. Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemma i landskapet.

Vedlikehald § 3, pkt 1.2, b.

Med direkte heimel i verneforskrifta kan eksisterande bygningar og anlegg haldast ved like i den standarden dei hadde ved vernetidspunktet.

Vedlikehald av bygningar som skifte av kledning, nye glas tilsvarende dei som var i huset frå før, nytt tak i same materiale som før og andre tiltak som ikkje fører til endring av storleik eller fasade, er tillate utan søknad. Det er tilstanden på taket som avgjer om arbeidet er å rekne som nybygg /oppattføring eller vedlikehald. Utgangspunktet for vedlikehald av seterbygningar er å ta vare på den opphavlege bygningsmassen. Tidlegare seterbygningar som er omdisponert til fritidsformål, vil bli vurdert og behandla på same måte som tradisjonelle seterbygg.

Alle former for fasadeendringar som fører til endra bruk av bygget er søknadsppliktige. Ved vurdering av om eit tiltak er ei fasadeendring, vil ein leggje vekt på om endringa fører til at bygget blir meir eksponert i forhold til omgjevningane og om fasadeendringa vesentleg endrar bygget sin karakter. Døme på slike endringar kan vere:

- Val av skarpe fargar til utvendig måling
- Endring av takmaterialen i forhold til det bygningen hadde frå før
- Plattingar
- Bordkledning av gamle tømmerhus

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Det er utdjupa i forvaltningsplanen at kulturlandskap med seterhus er eit av verneformåla i Romsdalen landskapsvernområde. I setermiljøet utgjør bygningane eit vesentleg element. Alle restaureringar skal utførast i lokal byggeskikk og skal ikkje danne ein kontrast til eksisterande bygningar og verke skjemma på landskapet. Eit ståltak i denne setergrenda vil verke både skjemma og i kontrast til tradisjonelle seterbygningar. Sjølv om thøringhytta ikkje er eit tradisjonelt bygg står hytta i eit tradisjonelt setermiljø. Eit ståltak kan også gi blinkande effekt som er uheldig i eit område der formålet er å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap. Eit blinkande ståltak kan visast over store avstander i fjellet.

Tiltaket er vurdert etter naturmangfaldlovas §§ 8-12, og det er god nok kunnskap om området til å vurdere søknaden, jf. § 8 (kunnskapsgrunnlaget) og § 9 (føre-var-prinsippet).

Avslaget vil kunne gi presedens på ein positiv måte for vernet.



Arkivsaksnummer: 2020/11444-5

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 16.11.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	49/2020	23.11.2020

Romsdalen Ivo - dispensasjon - motorferdsel og nedgraving av vanninntakskum - Fremre Brøste - 2020 - Kjell Viggo Kågen

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i § 48 i naturmangfaldlova får Kjell Viggo Kågen løyve til motorferdsel i samband med å grave ned resterande vassrøyr og til å flytte vasskum 20-30 meter lenger opp i bekken ved Fauskelia på Fremre Brøste.

Løyvet er gitt med følgjande vilkår:

- Tiltaket skal gjennomførast på tørr eller tela mark.
- Tiltaket skal gjennomførast utan avbrot ei tidsramme på under 14 dagar.
- Minigravaren skal fraktast ut av området på siste arbeidsdag.
- Trasevalg skal være det samme som sist.
- Torva skal leggest på plass etter gravinga, slik at det blir minst mogleg sår i terrenget.
- Der kummen står i dag skal det ryddast opp slik at det ikkje synest at det har vore eit inngrep der.
- Ved nytt inntak skal det utførast på ein ryddig måte og dekke til vorteplast og anna isolasjon, slik at det berre er betongkummen som er synleg.
- Løyvet gjeld tom 2021.
- Statens naturoppsyn (SNO) v/Thomas Rødstøl (mob: 915 47 617), skal varslast på SMS dagen før oppstart.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta. Det vert gjort merksam på at transporten også må avklarast med grunneigar. Ved bruk av leigekjører treng ikkje kommunen særskild behandling, jf. rammer for leigekjørerløyve gjeve av Rauma kommune.

Klage:

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Nasjonalparkstyret for Reinheimen.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad frå Kjell Viggo Kågen datert 13.10.2020.

Saksopplysningar

Søknaden:

Søker ynskjer å forbetre vanninntaket i Fauskelia som han fikk tillatelse til å sette opp i 2007. Han treng å flytte kummen 20-30 meter lenger opp i bekken for å få betre trykk til vannkummen som ligg på motsatt side av dalen. Han vil også grave ned slangen på dei strekningane dette ikkje vart gjort sist. Han treng løyve til motorferdsel og løyve til inngrepet. Han vil køyre i same trase som sist og når det er frost i bakken for å unngå terrengskade. Han meiner jobben skal kunne være unnagjort på 2-3 dagar.



Bilete av vannrøyr som ligg i bekken. Foto: SNO 2020



Bilete av køyreprase og der røyret er nedlagt. Det vart gjort fint arbeid sist, slik at traseen i dag ser ut som ein sti. Foto SNO 2020.



Bilete frå kummen. Litt rot ved inntaket. Foto: SNO 2020.

Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Naturmangfoldloven, 19. juni 2009 nr. 100.
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Verneformål – forskrift

Formålet med vern av Romsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med mangfald frå dalbotn til høgjellet, kulturlandskap og kulturminne.

I forskrift Romsdalen landskapsvernområde er etter verneforskrifta § 3, pkt. 1.1, verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter: *«Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.»*

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen for Reinheimen utdjupar motorferdsel;

Romsdalen landskapsvernområde:

Nødvendig transport av ved, material eller varar til buer og hytter med vidare § 3, pkt. 5.3.

Motorisert ferdsel i Romsdalen landskapsvernområde skal haldast på eit nødvendig minimum. (...) For å sikre fleksibilitet og å unngå unødig behandling av søknader, skal løyve gjevast for ein aktuell periode.

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Flytting av vasskum er ikkje omtala i vernereglane som eit tiltak Nasjonalparkstyret kan gi løyve til, og må derfor behandlast etter naturmangfaldlova § 48, som unntak frå vernevedtaket.

Naturmangfaldlova § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Dersom eit omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsmyndigheita vurdere dispensasjon etter § 48.

Det vart i 2007 i sak 2007/2737/BJOT/432.2 gitt løyve til etablering av omsøkt vassinntak då dei vurderte at tiltaket i seg sjølv ikkje ville gi varige spor. *Området er skogdekt, og grøftetraseen vil gro fort igjen. Permanente synlege inngrep vil vere kummen som blir sett ned i Kvennabekken. Denne vil ikkje vere synleg på avstand. I tillegg er det minimal allmenn bruk av området ved inntaket. Vassmengda som blir tatt ut vil ikkje ha betydning for vassføringa i Kvennabekken.*

Vi ser av bilete teke av SNO i år at inngrepa som vart gjort har grodd fint igjen. Køyring på tela jord vil redusere slitasten på terrenget.

Då det allereie er gjort inngrep for å gi vasstilgang til hyttene på motsatt side, er det formålstenleg at det er godt nok trykk. Ved å flytte kummen lenger opp i bekken vil dette hjelpe på. Å flytte kummen vil ikkje føre til noko særleg større inngrep enn det som var frå før, då søkjar må restaurere bekken til opprinneleg tilstand der kummen står i dag.

Tiltaket må vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Det er allment kjent kunnskap at motorferdsel kan virke forstyrrande på dyreliv. I tillegg er støy frå motorferdsel ofte genererande på friluftslivet. Dette er bakgrunnen for å minimere motorferdsel og styre den til tidspunkt da det gjer minst mogleg skade og ulempe for andre, både dyreliv og menneske. Motorferdselen vil i dette tilfelle være i eit området der dette ikkje vil være eit problem.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt dokumentert gjennom naturbasen. Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Dersom ein observerer rovfugl, villrein eller andre sårbare viltartar, er det viktig å halde god avstand for å unngå unødige forstyrning, jf. føre-var-prinsippet i nml § 9.

Etter § 10 "Økosystemtilnærming og samlet belastning", skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrning i verneområdet.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Spørsmålet er vurdert til ikkje relevant.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Då det er sett vilkår om å ikkje bruke større maskin enn ein minigravar til dette arbeidet, vil vi unngå slitasje på terrenget. Ein minigraver er ein formålstjeneleg maskin til dette arbeidet.

Belastninga for verneområdet er forbigående og akseptable. Vilkår vil avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane.



Arkivsaksnummer: 2020/10909-3

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 16.11.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	50/2020	23.11.2020

Reinheimen NP - dispensasjon - utedo - 2020 - Jervebua og ved Slettflybotn - Grytten fjellstyre

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, får Grytten fjellstyre dispensasjon til å oppføre utedo ved Jervebua og ved fjellstyrehytta i Slettflybotn i Reinheimen nasjonalpark.

Tiltakets omfang vil ikkje vera i strid med verneføremålet eller påverke verneverdiane i nemneverdig grad.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

1. Bygget skal oppførast innanfor ein radius på 50 m frå dei hyttene dei er tilknytt.
2. Endeleg plassering i terrenget skal skje i samråd med forvaltar.
3. Fundamentet på utedoen skal være ein enkel mur med naturstein.
4. Utvendig kledning skal vera av same type og farge som på tilknytt hytte.
5. Takmaterialet skal vera av tre eller takshingel/papp.
6. Bygget skal følgje mål på vedlagt teikning (ytre mål maks 1,3 m X 1,3 m X 2,8 m).
7. Etter oppføring med grunnmur skal bygget ha ein maks høgd på 3 meter.

Det må søkjast om bruk av motorisert transport av byggematerialar. Transporten skal om mogleg samordnast med annan transport.

Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding er sett til **01.10.2022**.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.


--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Grytten fjellstyre epost, 07.09.2020.
- Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48.

Saksopplysningar


Grytten fjellstyre har ansvar for fleire fjellhytter i Reinheimen nasjonalpark. Hyttene blir brukt til turgåarar og som base ved fisking. Jervebua er også nytta i samband med oppsyn av sau. Dei andre fjellstyrehyttene Grytten Fjellstyre har ansvar for, har i dag utedo, med unntak av Jervebua og hytta ved Slettflybotn. Dei ynskjer no at også desse hyttene får eit utedo og søker derfor om dette. Sjå teikning av utedo som dei ynskjer å bygge.



Hytta ved Slettflybotn. Foto: Thomas Rødstøl, SNO.



Jervebua. Foto: Thomas Rødstøl, SNO.



Kart som viser plasseringa av buene (merka med rødt). Øverst ligg hytta ved Slettflybotn og nederst ligg Jervebua.

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2009

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Verneformål – forskrift

«Føremålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde
- ta vare på eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- verne om kulturminne.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Reinheimen nasjonalpark er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot nye bygg, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1.

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i verneforskrifta, § 3, pkt. 1.3.

- a) *Gjenoppføring av bygningar som går tapt ved brann eller naturskade.*
- b) *Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.*

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan er vernereglane for bygningar og byggetiltak mm. utdjupa, jf. retningsliner, pkt. 4.3.2, frå s. 38:

Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, a og 1.3, a, b og c.

Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i

- *Materialval*
- *Byggjeteknikk*
- *Utforming og farge,*

jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemma i landskapet. Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.

Nye bygg § 3, pkt 1.1,

Nye bygg tillatast ikkje oppført.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Dersom eit omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsmyndigheita vurdere dispensasjon etter § 48.

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Det er søkt om å bygge utedo ved fjellstyrehyttene Jervebua og i Slettflybotn. Det er ikkje nokon utedo ved desse hyttane frå før, så dette vil reknast som eit nybygg. Oppføring av nye bygg er jf. verneforskrift for Reinheimen, § 3, pkt. 1.1 ikkje tillate. Saka må derfor behandlast etter naturmangfaldlova § 48, som unntak frå vernevedtaket.

Presedensvirknad: Det er liten risiko for mange andre liknande søknader i området. Dei andre fjellhyttene i dette området har allereie utedo i dag. Det er heller ikkje mange slike fellesbuer/tilsynsbuer knytt til landbruksnæring, så det er lite sannsynleg at det vert skapt uheldig presedens ved risiko for mange tilsvarende søknader. Økosystemtilnærming og samla påverknad er difor liten, jf. naturmangfaldlova § 10.

Leveområdet til villrein, med vekt på vinterbeite og villreintrekk gjer at retningslinene i forvaltningsplanen er streng ved vurdering av presedens i samband med bygging av t.d. uthus/utedo i Reinheimen nasjonalpark. Reinheimen-Breheimen Villreinutval sørger for god overvaking gjennom året. Bygget i seg sjølv vil ikkje komme i konflikt med villreinsinteressane då dei ikkje ligg i eit område som har vinterbeite, villreintrekk eller kalving. Kunnskapen om naturverdiar og villreinen sin arealbruk i området er god, jf. naturmangfaldlova § 8, (kunnskapsgrunnlaget) og § 9 (føre-var prinsippet).

Det vil i tillegg vera behov for motorisert transport av byggematerialar. Under føresetnad av at transporten blir tilrettelagt slik at det ikkje oppstår skader på terreng eller medfører uro av villrein i sårbare periodar av året, kan ein heller ikkje sjå at aktivitet i byggjeperioden vil verke negativt inn på verneverdiane. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder §11, er ikkje vurdert som relevant i dette tilfelle.

Utedo høyrer naturleg til buer som vert nytta ein del, og i samband med overnatting vil det vera behov for ein utedo. Sidan hyttene blir benytta til overnatting kan eit utedo hindre forsøpling av dopapir i desse områda og nytta av eit utedo vil være større enn ulempen. Ut i frå ei total vurdering og med dei vilkåra som er satt, vil tiltaket ikkje stride mot verneføremålet for nasjonalparken.



Arkivsaksnummer: 2020/12175-2

Saksbehandlar: Kristine Sørle

Dato: 06.11.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	51/2020	23.11.2020

Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Tiltaksmidler - Bestillingsdialog - Driftsmidler - 2021

Innstilling frå forvaltar

Tiltaksmidler (post 31):

Nasjonalparkstyret for Reinheimen ber om at forvaltar melder inn følgjande tiltak til budsjettposten 1420.31 (midler til tiltak 2021) i ESS:

	Tiltak	Kommentar	Kostnad
1	Skjøtselstiltak	Skjøtelsplaner for Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Tafjorden-Reindalen lvo og Vermedalen, avtaler med private og lokale aktørar	200 000
